



siv. ing. **Vidar Mjøs**
Fabrikksgaten 7B, 5059 BERGEN
Tlf. 55 59 82 62 faks 55 59 82 57
vidar-mj@online.no

Radøy kommune
5936 MANGER

postmottak@radoy.kommune.no

23. november 2015

**Plansak 12602010000300 – Fløholmen småbåthamn.
Nytt syn på saka.**

Ein viser til plansak om småbåthamn, som kommunestyret har vedteke å avslutta.



Småbåthamna vart i utgangspunktet - etter avtale med kommunen i førehandskonferanse - omsøkt som tiltak.

Etter kvart kom det likevel opp krav om regulering, så krav om endring av kommuneplan før reguleringsplan kunne utarbeidast, og så krav om ei betydeleg utviding av planområdet for reguleringsplanen.


Trass i positivt vedtak om utlegging av planframlegg til offentleg ettersyn, ser småbåthamna ut til å ha stranda på ulike krav knytta til vedtaket.

Det er behov for å sjå på saka på nytt.

Fløholmen AS eig, i tillegg til bnr. 12 (eksisterande industrianlegg og Grønholmen) også bnr. 37 (Nordre Byngja) og mellomliggjande skjer.



På eldre sjøkart er det teikna inn ein veg til Nordre Byngja



Nyare kartdata (Norgeskart) inneholder meir detaljerte opplysningar om sjøbotnen.


Det indre hamneområdet er godt skjerma frå naturen si side, men breidda på bassenget set grenser for kor store båtar som kan gå inn vågen. På yttersida (mot Herdlefjorden) er det større rom.

I reguleringssaka for småbåthamna er det kome fram opplysningar som tyder på at offentlege instansar ser føre seg ei stor næringsutvikling i dette området.

Både kommune og vegvesen nyttar utsiktene til eit betydeleg tal nye arbeidsplassar som argument for krav om fortau langs fylkesvegen.



Oversiktskart



Nytt plangrep :

- ytre delen av fylkesvegen vert flytta, mot vestsida av eksisterande industrianlegg, med sideveg over til bnr. 37
- med ein slik sentralt plassert tilkomstveg kan det utparsellerast nye industritomtar i området, alle med tilkomst til felles (eller offentleg?) kaianlegg
- noverande fylkesvegparsell gjennom tunet på bnr. 15 kan etter dette omgjerast til felles kjørbar gangveg

Ein vil be kommunen ta saka opp til ny handsaming, etter to liner :

- småbåthamna vert handtert som eit som eit tiltak med basis i eksisterande fylkesveg, gjeldande kommuneplan, og innsendt søknad
- samstundes vert det sett i gang arbeid med ein områdeanalyse for Byngja næringsområde. Program og arbeidsfordeling vert å avklara i møte mellom kommunen og Fløholmen AS.

Med helsing

Kopi : Fløholmen AS, 5937 BØVÅGEN, v Håkon Zachariassen, post@floholmen.no